

# Vedtak om lokal grunnordning

---

Sjå elektronisk versjon: [www.gudsteneste.no](http://www.gudsteneste.no)

**Lokal grunnordning førebels vedteken av sokneråda Imsland, Vikedal og Sandeid i møte 5. juni 2012.**

**Dei fire ulike strukturane for gudstenestetypane vert lagde ut i sakristia i dei ulike kyrkjene.**

## **A Hovudgudsteneste**

Soknerådet har vedteke følgjande type (typar) hovudgudstenester:

- Høgmesse,
- Familiemesse, forenkla gudsteneste med nattverd,
- Familiegudsteneste, gudsteneste utan nattverd og
- Temagudsteneste, forenkla gudsteneste utan nattverd.

*Kva som er fast for alle, og kva som kan vera ulikt på dei ulike gudstenestetypane, går fram av vedtaka nedanfor.*

## **B Gangen i gudstenesta**

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

- Ledd 1 Førebuing: Informasjon om dagens gudsteneste.
- Plassering av syndsvedkjenninga: Pkt. 5 i høgmesse; før pkt. 17 i familiemesse, i familiegudsteneste og i temagudsteneste.
- Plassering av dåpen i hovudgudstenesta: Etter Gloria
- Ledd 8 Dagens bøn: Vert utelaten, bortsett frå på høgtidsdagar.
- Ledd 16 Kunngjeringar: Kunngjeringane vert formidla i starten av forbønsdelen – unntaksvis på gudstenesteprogrammet eller på eigen faldar utlagt i våpenhuset.
- Plassering av eventuelle helsingar, vitnemål og forbønssønske i gudstenesta: Like etter kunngjeringane.
- Vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande: Ordninga vert brukt.
- Plassering av takkoffer frå kyrkjelyden: I pkt. 18 under høgmesse (etter forbøna), det same under familiegudsteneste og temagudsteneste; pkt. 19 under familiemesse.
- Under ledd 20 Takkseing og bøn ”Mysteriet i trua er stort”. Dette vert brukt på einskilde hovudgudstenester. Fyrste og heile delen av kyrkjelydssvaret vert brukt skiftevis.
- Under ledd 21 Nattverdsmåltidet

Meir utførleg fredshelsing: Vert nytta av og til.

Brødsbryting: Vert brukt.

«Kom, for alt er ferdig»: Liturgen avgjer frå gong til gong.

## C Dei enkelte ledda

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

- Ledd 4 Høgmesse: Samlingsbøn nr. 3; 2; 1; Familiemesse: Samlingsbøn nr. 6; Familiegudsteneste: Samlingsbøn nr. 7; Temagudsteneste: Samlingsbøn nr. 2.
- Ledd 5 Synsvedkjening: I høgmesse: Synsvedkjening nr. 1; nr. 4; nr. 5; nr. 6. I familiegudsteneste: nr. 3. I temagudsteneste: nr. 5.
- Ledd 6 Bønerop Kyrie: Anten siste tekstform på side 2.7 i Ordning for høgmessa eller Kyrielitani, side 2,39. Liturgen eller gruppa avgjer.
- Ledd 7 Lovsong Gloria: I høgmesse: nr.2 med innleiinga ”Ære vere Gud i det høgste; I familiemesse: nr. 3; I familiegudsteneste: nr.3 og nr.4; i temagudsteneste: nr.5.
- Ledd 12 Evangelium  
Halleluja/Salme

Det vert brukt Halleluja/salmevers, og evangelieprosesjon når dette praktisk let seg gjera.

- Ledd 14 Truvedkjening Credo: Apostolikum vert brukt ved alle gudstenester bortsett frå på høgtidsdagane, då ein nyttar Nikenum. Truvedkjenninga vert vanlegvis sunge.
- Ledd 17 Forbøn:

Liturg og gruppe som førebur gudstenesta får fridom til å velja. Liturgen engasjerer mest mogleg medliturgar i førebuing og gjennomføring av forbøna.

Kyrkjelydssvar til forbøn: Vanlegvis tre kyrkjelydssvar.

- Ledd 20 Takkseing og bøn

Fadervår:

Tekstform: ”Vår Far”. Fadervår vert lese ved dåp og sunge ved nattverden.

- Ledd 22 Avslutninga på måltidet:

Takkebøn:

Her stiller ein liturgen/gruppa fritt.

- Ledd 24 Velsigning: Normalt brukar ein den aronittiske velsigninga, men stiller liturg/gruppe fritt ved andre gudstenester enn høgmessa.
- Ledd 25 Utsending:

Liturgen/gruppa står fritt til å velja.

## **D Kyrkjelyden si deltaking i svar og bønner**

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

- Amen etter inngangsortet (ledd 3): JA!
- Respons etter tekstlesingane: Gud vera lova (ledd 9–12): JA!
- Den avsluttande delen av bønene for takkoffer, ledd 18 og 19: JA!
- Den avsluttande delen av tilseiingsordet etter utdelinga, ledd 21: JA!
- Den avsluttande delen i tre av alternativa til takkebøn etter nattverdsmåltidet, i ledd 22: JA!

## **E Nattverd**

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

- Vin og brød:

Avalkoholisert vin og glutenfritt brød. Oblatane skal vera glutenfrie, jmf. Allmenne føresegner, pkt. 33.

- Utdelingsmåte: 1. Normalordning: Ved altaret (ei gruppe om gongen); 2. Intinksjon 3. Særkalkar ved utdelingsstasjon; 4. Ved altaret (kontinuerleg).
- Bruk av Nattverdsordning for særlege høve: Brukast ved temagudstenester (t.d. fastegudsteneste, gudsteneste på Skaparverkets dag).

## **F Dåp**

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

- Medverknad frå dåpsfamilien eller andre medliturgar under dåpen:

JA!

- Bruk av dåpslys:

JA!

- Når i gudstenesta det fulle namnet til dåpsbarnet/dåpskandidaten skal nemnast: I informasjonen før gudstenesta og på kunngjeringsplassen.
- Kor ofte det kan vera dåp i hovudgudstenesta: Annakvar gong,- eller ut frå praktiske tilhøve.
- Kor mange dåpsborn/dåpskandidatar det kan vera i ei gudsteneste:

6.

- Dåp i eiga gudsteneste:

JA, etter særskild trong.

## **G Liturgisk musikk**

Soknerådet har gjort vedtak om musikk til desse ledda:

- Bønerop Kyrie: Musikk frå 1977-liturgien; alternativt i prioriterings rekkefølge: musikkserien til Tore Aas, side 460, musikkserien til Harald Gullichsen, side 497 og musikkserien til Henrik Ødegård, side 427 i LITURGISK MUSIKK.
- Lovsong Gloria: Det same!
- Halleluja: Det same!
- Truvedkjenning Credo: Det same!
- Kyrkjelydssvar (forbøn): Det same!
- Helsing Prefasjonsdialog: Det same!
- Heilag Sanctus: Det same!
- Fadervår: Det same!
- Du Guds Lam Agnus Dei: Det same!
- Velsigninga: Det same!

Merknad:

Kva som kan prøvast ut, vil vera avhengig av type gudsteneste og ressursar kyrkjelydane har til disposisjon ved dei aktuelle gudstenestene. Elles ser utvalet det vesentleg at ein i denne prøveperioden på 3-5 år ikkje låser seg fast i musikken til desse tre namngjevne komponistane, men opererer nyfike/nyssgjerrig og vidt når tid og krefter ligg til rettes for det. Dermed vil ein kunna sikra seg eit breiare erfaringsgrunnlag som gjer utval/sokneråd og kyrkjelydar betre i stand til m.a. å finna ut kor songbar musikken er, musikkens slitestyrke, erfaringar med stilmessig variasjon i den eine og same gudstenesta og i kor stor grad musikken er eigna for dei ulike typar gudstenester.

## **H Medliturgar**

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

- Når ein skal nytta medliturg der det står ML/L eller L/ML:

Liturg/medliturg utfører desse oppgåvene.

- Plan for korleis medverknaden til medliturgane kan utvidast: Dette vert utprøvd ved praksis!
- Retningsliner for kledda til medliturgane (sivile eller liturgiske klede): Konfirmantar/born ber kvite kapper, andre stiller i sivile klede.

## **I Rørsler og handlingar**

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

- Om kyrkjelyden skal stå eller sitja under inngangs- og utgangssalmen, eventuelt også under andre salmar: Kyrkjelyden står under inngangs- og utgangssalmen.
- Inngangs- og utgangsprosesjon: Varierer etter typen av hovudgudsteneste.
- Evangelieprosesjon:

Ved einskilde typar hovudgudstenester.

- Søndagsskuleprosesjon: JA,- dersom me får sundagsskule i gang.
- Korleis ofring skal skje: I benkene ved høgmesse og familiemesse. Ved altaret ved familiegudsteneste og temagudsteneste.
- Høve til lystenning: JA! Gjerne før gudstenesta, under forbøna, under nattverden. Praksis kan skifta.
- Frambering av brød og vin: Me ynskjer å prøva ut ulike ordningar: Halda på gjeldande praksis d.v.s: ”frambering før gudstenesta”, frambering under prosesjon til altaret eller til sidebord; frambering til altaret under førebuinga til måltidet.

## **J Praktiske forhold og tilrettelegging**

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

- Rutinar for bruken av kyrkjerommet før, under og etter gudstenesta: Dette skal vera i orden praktisk på alle måtar. Slik kan det og vera tilrettelagt for stille og ettertanke, samt lystenning.
- Universell utforming: Alle skal ha god praktisk tilgang til gudstenesta.
  - Retningsliner for privat fotografering og lyd- og bilettopptak under gudstenesta:
  - Ved dåp i gudstenesta er hovudregelen at ein ventar med fotografering til ETTER gudstenesta.
  - Lyd- og bilettopptak kan gjerast dersom det skjer på ein diskret og ugenerande måte.
- Andre faste rutinar ut frå lokalt særpreg og lokale behov:

## **K Retningsliner for årsplanen**

Soknerådet har gjort følgjande vedtak:

- Kor ofte ein skal feira dei ulike typane hovudgudstenester i kyrkjelyden, og i dei ulike kyrkjene dersom det er fleire: 3 familiemesser, 2 familiegudstenester og 2 temagudstenester, elles: høgmesser.
- Dersom det er fleire kyrkjer, kva kyrkje dei særskilde høgtidsdagane skal feirast i, og korleis desse dagane kan veksla frå år til år: I samsvar med gjeldande biskoppelege forordning.
- Korleis trusopplæringa i kyrkjelyden skal integrerast i gudstenestefeiringa: Ved at born/unge får ta del med innøvde songar/dans og drama, samt medverka som ministrantar ved tekstlesing og symbolhandlingar.
- Korleis ein i gudstenestelivet skal ta omsyn til planane til kyrkjelyden for diakoni, misjon, kyrkjemusikk osv.: Ved at desse dimensjonane får særskild tyngde i hovudgudstenesta eller ved eigne temagudstenester.
- Temagudstenester: Fastegudstenester, gudsteneste på Skaparverkets dag og ungdomsgudstenester.

## **Vedlegg**

Struktur for hovudgudstenestene) i kyrkjelyden